



## **UTVIKLINGSPROSJEKT VED NORDFJORD SJUKEHUS; INNSPEL TIL MANDAT FRÅ NORDFJORD PSYKIATRISENTER**

Vi har følgjande innspel:

- Rusposten må vere ein integrert del av Nordfjord psykiatrisenter (og bør ikkje vere ein vesentleg del av lokalsjukehusprosjektet). Det er like fullt naudsynt å sjå sjukehuset og rusposten i samanheng, slik dette går fram av funksjonsplanen for rusposten.

Årlege driftskostnader for drift av rusposten er ca. 20 mill.kr. Det må gå klart og tydeleg fram at driftinga av rusposten ikkje skal finansierast av dei statlege prosjektmidlane knytt til utviklingsprosjektet for Nordfjord sjukehus.

- Satsing på alderspsykiatri (forankra i utviklingsprosjektet).

Prosjektet må vere forankra i eit nært og forpliktande samarbeid mellom medisinsk avdeling, Nordfjord psykiatrisenter og kommunane.

Vedtaket om at det framleis skal vere anestesiteneste ved Nordfjord sjukehus, opnar for framleis ECT-behandling. Det er viktig at dette tilbudet framleis kan gjevast lokalt i Nordfjord. Anestesivedtaket opnar elles for at utviklingsprosjektet har fleire friheitsgrader /utviklingsmogelegheiter enn i utgangspunktet. Dette må takast omsyn til i arbeidet med mandatet.

Utviklingsprosjektet må få tilført tilstrekkelege ressursar slik at det som i utgangspunktet vert presentert som eit **nasjonalt prosjekt**, får truverde og legitimitet blant alle impliserte.

Somatiske, rus- og psykiatriske tilbod må i større grad sjåast i samanheng – og tilpassast kvarandre - i framtida. Vi er difor nøgde med å få vere med i utviklingsprosjektet. **Skal vår deltaking få naudsynt tyngde/innverknad, er det naturleg at NPS vert representert både i styringsgruppa og i prosjektgruppa.**

Nordfjord psykiatrisenter, 17/6-11

Gunvald Ludvigsen  
Administrasjonssjef